



Thor Inge Døssland ( Uskedal Musikklag ) og Wermund Vetthus ( Gull av grus ) saman med styremedlem Magnhild Haugland.

**Det vart i dag tildelt midlar frå SpareBank 1 stiftinga Kvinnherad til heile sju prosjekt i Uskedalen. Fem av tildelingane går til ulike tiltak i Uskedal Idrettslag. I tillegg er det løyvd midlar til Uskedal Musikklag ( nye instrument ) og Uskedal Utvikling - dugnadsgruppa. På samkoma i dag på Husnes var 10 prosjekt av totalt 38 plukka ut for overrekking av gåvebrev. Dei 27 andre mottek brev med informasjon om overføring av midlane.**

SpareBank 1 stiftinga Kvinnherad fekk inn 178 søknader i vår. Totalt er det løyvd 4,46 mill. kr. 1 mill. kr. er reservert til Newton senter i Kvinnherad. SpareBank 1 stiftinga Kvinnherad vil før sommarferien ha ei ny utdeling til prosjekt styret prioriterer særskild.



Thor Inge Døssland mottok gavebrev med eit tilskot på kr. 130.000,- som skal nyttast til innkjøp av nye instrument.

Tildelingslista for Uskedalen ser slik ut:

- kr. 100.000,- til Uskedal Idrettslag - Reint vatn på Heio
- kr. 100.000,- til Uskedal Idrettslag - Opprustning av garderobeanlegg Heio
- kr. 43.000,- til Uskedal Idrettslag - Utvikling av klatringa i Uskedalen og omegn
- kr. 130.000,- til Uskedal Musikklag - Innkjøp 3 nye instrument grovmessing
- kr. 15.000,- til Uskedal Idrettslag - Digitalisering av Uskedalen fjelltrim
- kr. 30.000,- til Uskedal Utvikling - Dugnadsgruppa til 2 stk gapahukar
- kr. 500.000,- til Uskedal Idrettslag - Gull av grus, byggesteg 5

Frå Uskedal Musikklag møtte Thor Inge Døssland. Frå proseptet Gull av grus møtte Wermund Vetrhus.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Wermund Vetrhus mottok ei gåve til Gull av grus, byggesteg 5, på kr. 500.000,-.